

Vassførekomstar innan tiltaket *Kantsone i eng* - prioritering av område

Vi viser til høyringsdokument § 18 med omtale av ordninga. Aktuelle punkt ved vurdering av kart:

- Tilskotet gjeld *ugjødsla sone på fulldyrka og overflatedyrka areal*, ikkje på innmarksbeite
Tiltaket gjeld *ikkje* oppretting av naturleg vegetasjonsbelte, noko som gjerne kan bli misforstått.
- Det blir ikkje gitt tilskot der det er meir enn åtte meter frå vassdrag til jordekant
- Tilskotet gjeld prioriterte område fastsett og kartfesta av Statsforvaltaren

Statsforvaltaren prioriterer område slik dei er vist i [fylkesatlas](#):

- Visning i kart: tre kartlag «Kantsone i eng»: - elver, - innsjøar og - prioriterte område.
To av kartlaga er vist som vassførekomst med buffersone langs. Eitt av kartlaga er no i høyringsrunda vist som område heller enn konkret vassførekomst. Dette blir truleg endra før ordninga blir teke i bruk
- Liste over omfatta vassførekomstar finn ein i fylkesatlas ved å opne tabell for kvart kartlag,
Sjå Vedlegg 1 – Korleis finne liste over vassførekomstar

Grunnlaget for kva område vi har prioritert er følgjande:

- 1) Alle vassdrag med den sårbare arten elvemusling. Dette gjeld i nedbørsfelt for vassdraga, i hovudtrekk vidareført frå regionale miljøtilskot tidlegare år. I nokre tilfelle er område-avgrensinga noko justert, og enkelt vassdrag med lite nærliggande jordbruksareal blir med i tillegg. Vi foreslår no å inkludere alle 20 elvemuslingsvassdrag, mot tidlegare 15 vassdrag.

Sjå Vedlegg 2 - Oversikt over elvemuslingsvassdrag

- 2) Alle vassførekomstane der det etter vår vurdering trengst tiltak for å redusere diffus avrenning frå jordbruksareal for å nå miljømåla i vasstiltaksarbeidet. Vi bruker data direkte frå Vann-Nett, noko som gir mindre behov for manuelle tilpassingar, og vi får høve til å ha tilskotsordninga i *mange fleire* strekkingar langs bekk, elv og innsjø enn tidlegare. Vi foreslår no RMP-tiltaket for 144 vassførekomstar knytt til avrenning, mot tidlegare 20 vassdrag (truleg om lag 40-50 vassførekomstar). Nokre av vassførekomstane vurderer vi likevel til å vere for dårleg avgrensa til at vi kan ta dei med frå 2023, men er aktuelle seinare i perioden.

Vi prioriterer vassførekomstar der nivået av målte eutrofieringsparametre er moderat, dårleg eller svært dårleg. Blant desse har vi berre inkludert vassførekomstar der graden av diffus avrenning frå jordbruk er middels, stor eller ukjent. Vidare gjeld tiltaket berre i vassførekomstar som ikkje har god eller svært god økologisk tilstand.

Sjå vedlegg 3 – Bruk av parameter frå Vann-Nett

Metodikken med bruk av Vann-Nett gir konsekvensar som vi ønskjer innspel på


I nokre tilfelle samsvarar ikkje utval av vassførekomstar og avgrensing av område med det ein kunne vente. Vi ønskjer innspel på kva slike tilfelle det er behov for å korrigere. Utgangspunktet vårt er at korrigeringsberre er mogleg dersom det kan bli gjort med grunnlag i prøvedata og bli endra i Vann-Nett, slik at vi framleis kan hente data direkte frå Vann-Nett.

Sjå Vedlegg 4 – Aktuelle konsekvensar av forslaget

Vedlegg 1 – Korleis finne liste over vassførekomstar

Skjermdumpar som viser korleis ein finn oversikt over prioriterte vassførekomstar:

1) Velje symbolet «Opne tabell»:



2) Sjå liste under kart, som er mogleg å sortere, eksportere og navigere etter:

VannforekomstID	Vannforekomstnamn	Påvirkningsdriver	Påvirkningstype	Påvirkningsgrad	Økologisk tilstand	Vannområde	VassdragsområdeID	Vassdragsområde
076-137-R	Elv frå Myklemyr	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Dårlig	Indre Sogn	76	JOSTEDØLA/LUSTERFJORDE...
067-93-R	Øyrelva	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Moderat	Nordhordland	67	MASFJORDEN
056-16-R	Nesttunvassdraget: Innløp ...	Jordbruk	Diffus avrenning fra beite o...	Middels grad	Moderat	Vest	56	BERGEN OG OMEGN
066-29-R	Elv fra Austevatnet	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Ukjent grad	Moderat	Nordhordland	66	FOSNØYA, RADØYA OG FEDJE
056-50-R	Nesttunvassdraget: Myrdals...	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Moderat	Vest	56	BERGEN OG OMEGN
070-101-R	Kvamselvi	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Moderat	Ytre Sogn	70	VIKSVASSDRAGET/WARMRÅK...
080-187-R	Bogsvatnet - Langevatnet - ...	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Moderat	Ytre Sogn	80	YTRE SOGNEFJORDEN NOR...
052-239-R	Granvinvassdraget bekkefelt	Jordbruk	Diffus avrenning fra beite o...	Stor grad	Svært dårlig	Hardanger	52	GRANVINFJORDEN OG SAM...
084-14-R	Redalselva (Liæelva)	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Stor grad	Dårlig	Sunnfjord	84	JØLSTRA/FØRDEFJORDEN
061-278-R	Haukelandsvatnet bekkefelt	Jordbruk	Diffus avrenning fra fulldyrk...	Middels grad	Moderat	Voss - Osterfjorden	61	BERGSDALSVASSDRAGET/KY...
087-62-R	Sidebekkar Stardalselva	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Stor grad	Moderat	Nordfjord	87	BREIMSVASSDRAGET/NORD...
091-28-R	Refvikeelva	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Ukjent grad	Dårlig	Nordfjord	91	SILDEGAPET
082-208-R	Elv ved Haugen	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Stor grad	Moderat	Sunnfjord	82	GUDDALSVASSDRAGET/ÅFJ...
083-184-R	Utløp Lauvatnet	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Moderat	Sunnfjord	83	GAULARVASSDRAGET/DALST...
062-349-R	Bekk til Opelandstjøerni	Jordbruk	Diffus avrenning fra fulldyrk...	Stor grad	Moderat	Voss - Osterfjorden	62	VOSSOVASSDRAGET/BOLST...
082-198-R	Storelva nedstrøms utløp H...	Jordbruk	Diffus avrenning fra annen j...	Middels grad	Moderat	Sunnfjord	82	GUDDALSVASSDRAGET/ÅFJ...

Vedlegg 2 – Oversikt over elvemuslingsvassdrag

Kommune	Vassdrag	Stad
Alver	Mjåtveitelva	
Bergen	Haukåselva	
Bergen	Oselva	
Bjørnafjorden		
Bjørnafjorden	Fossåa	
Bjørnafjorden	Døsjaelva	Nore Neset
Bjørnafjorden	Hopselva	
Bjørnafjorden	Sundfjordelva	
Bjørnafjorden	Femangerelva	
Bømlo	Åreidelva	Oldereide
Etne	Sørelva	
Fitjar	Dåfjorden	Fjordbekken
Kinn	Nyttingneselva	
Kvam	Røyrvikelva	
Osterøy	Lonevassdraget	
Samnanger	Skjeljåna	Hisdal
Stad	Maurstadelva	
Stad	Dalsbøvassdraget	
Sunnfjord	Redalselva	
Tysnes	Kvernavika	Hope
Øygarden	Apalvågen	

Vedlegg 3 – Bruk av parameter frå Vann-Nett

Utveljinga av vassførekomstar baserer seg på Vann-Nett og filtrering av relevante rapportar med vassførekomstar frå vassregion Vestland. Rapportane som er teke i bruk er «*Vannførekomstar med kvalitetselement og kvalitetselementparametere*» og «*Vannførekomstar med og utan tiltak*». Desse finn ein på <https://vann-nett.no/portal/> under «*Rapporter*», «*Kvalitetselement*» og «*tiltak*».

Vi prioriterer vassførekomstar der nivået av målte eutrofieringsparametre er moderat, dårleg eller svært dårleg. Data om dette er henta frå rapporten «*Vannførekomstar med kvalitetselement og kvalitetselementparametere*», der vassførekomstar med følgjande eigenskapar er inkludert:

Kvalitetselementparameter	Tilstandkvalitetselementparameter	Datakvalitet
Totalnitrogen	Moderat	Målt
Totalfosfor	Dårlig	
Klorofyll a	Svært dårlig	
Trofiindeks begroingsalger PIT		
Gjennomsnittlig score per takson ASPT		
Plantep plankton trofiindeks PTI		
Cyano maks		

Vi prioriterer vassførekomstar der graden av diffus avrenning frå jordbruk i tillegg er middels, stor eller ukjent, og som ikkje har god eller svært god økologisk tilstand. Data om dette er henta frå rapporten «*Vannførekomstar med og utan tiltak*» der vassførekomstar med følgjande eigenskapar er inkludert:

Påvirkningstype	Påvirkningsgrad	Økologisk tilstand
Diffus avrenning fra annen jordbrukskilde	Middels grad	Moderat
Diffus avrenning fra beite og eng	Ukjent grad	Svært dårlig
Diffus avrenning fra husdyrhold/husdyrgjødsel	Stor grad	Dårlig
Diffus avrenning fra fulldyrket mark		
Diffus avrenning fra annen kilde		

Vassførekomstar med fleire påverknadstypar har blitt slått saman slik at dei ikkje er oppført fleire gongar. Vi har kopla saman dei to rapportane, og prioriteringa gjeld vassførekomstar som står oppført med data frå begge rapportar med nemnte filtreringar.

Dette gav 146 vassførekomstar, men så langt er to stk. vurdert til å vere feil, og må rettast i Vann-Nett. Forslaget som er presentert i fylkesaltas no inneheld difor 144 vassførekomstar: 28 innsjøar og 116 elver. Dei prioriterte områda er eit resultat av samankopla buffersoner frå vassførekomstar og nedbørsfelt til elvemuslingsvassdrag som er jordbrukspåverka.

Vedlegg 4 – Aktuelle konsekvensar av forslaget

Vi ønskjer at kommunane vurderer data i Vann-Nett dersom ein ser behov for endringar i dei prioriterte områda i høve til nokre av dei konsekvensane vi kan peike på.

- **Nokre område har fram til no hatt RMP-tiltaket *Kantsone i eng*, men er ikkje foreslått å inkludere vidare.** Dette gjeld:
 - Alver: Størstedelen av Eikangervassdraget og delar av Hallandsvassdraget
 - Austrheim: Åråsvatnet, Hjartåselva ovanfor Solenvatnet
 - Fitjar: elver ned til Storavatnet
 - Gulen: ein av bekkane ved Sande
 - Gloppen: Storelva mm, Myklebust
 - Kvam: sidebekkar til Steinsdalselva mm
 - Stryn: Høgalmelva, Oldedalen
 - Sunnfjord: sjølve hovudelva Stardalselva frå Åmot til Øygarden
 - Sveio: Størstedelen av Vigdarvassdraget, Sveio
 - Vaksdal: Eksingevassdraget frå Gullbrå til Flatekval
 - Vik: hovudelva Hopra
 - Voss: sjølve Opelandstjørni

- **Sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) er ikkje inkludert**
I tillegg til dei 144 vassførekomstane som er foreslått pr no, har vi planar om å inkludere alle aktuelle SMFV som ikkje har *Godt økologisk potensiale*, og som elles fyller dei andre vilkåra for prioritering. Dette skal òg gjelde frå 2023.

- **Nokre av dei prioriterte vassførekomstane vurderer vi til vere for dårleg avgrensa i Vann-Nett til at vi kan ta dei med frå 2023**, men er aktuelle seinare i perioden. Vassførekomstane kan sjå ut til å vere for store i høve til kor det reelt er dårleg vasstilstand og påverknad frå jordbruk. Dette kan gjelde nokre av desse døma, og moglegvis andre:
 - Alver: 065-26-R Austfjorden bekkefelt vest,
 - Aurland, Lærdal: 072-53-R Aurlandsfjorden aust
 - Fjaler: 082-70-R Åsnes
 - Osterøy: 060-69-R Osterfjorden bekke ved Lonevågen
 - Sogndal: 077-88-R Sogndalselvi bekkefelt
 - Sunnfjord: 084-196-R Svovatnet, bekkefelt
 - Tysnes: 054-8-R Tysnesøya bekkefelt
 - Voss: 052-239-R Granvinvassdraget bekkefelt

- **Ikkje alle vassførekomstane som i vassiltaksarbeidet har forslag om tiltaket *Kantsone i eng* er inkludert i prioriteringa.** Årsaka er oftast at det er betre tilstand på vassmiljø eller mindre påverknad frå landbruk enn dei kriteria vi har sett, evt. at økologisk tilstand alt er så god at tiltak ikkje er nødvendig for å nå miljømåla.

- **I eit vassdrag eller ein bygd er det ofte slik at enkelte vassførekomstar er prioritert, medan andre vassførekomstar ikkje er prioritert område.** Dette kan vere forvirrande og er ulikt tidlegare då vi brukte heilt nedbørsfelt, og hadde noko manuelle tilpassingar. Når ein ser på kart er det altså verd å merke seg at heile området ikkje nødvendigvis er prioritert, sjølv om det er ein vassførekomst som er prioritert på staden. Vi ønskjer likevel slik differensiering no sidan dette blir meir målretta og knytt direkte til data i Vann-Nett. Vi oppfordrar til å ta vassprøver og å

vurdere registreringar i Vann-Nett der det er ønskje om endringar. Til dømes kan sideelver vere inkludert, men ikkje innsjøen eller elva som dei renn ut i – eller motsett.

Nokre døme på vassførekomstar som *ikkje* er inkludert sjølv om andre vassførekomstar i same området er inkludert:

- Alver: 066-27-R Elv fra Mjøsvatnet, 066-37-R Ølvatnet - Nesvatnet bekkefelt, 065-20-R Seimfjorden bekkefelt innerst
 - Fjaler: sideelver til Storelva i Dale
 - Gloppen: 087-29291-L Bergheimsvatnet
 - Gulen: 067-91-R Yndesdalsvatnet sidebekker øst
 - Hyllestad: 080-1625-L Espelandsvatn
 - Kvam: 062-158-R Kaldavatni bekker, 052-26877-L Tørvikvatnet
 - Kvinnherad: sideelver til Uskedalselva og til Storelva i Omvikdalen
 - Sunnfjord: 083-177-R Gaula Eldalselv Bekkefelt, 083-189-R Haugaelv og Botnaelv,
 - Ullensvang: sideelver til Krossdalselvi
 - Voss: 062-282-R Dyrvo bekkefelt, 062-433-R Bordalselvi sidebekker, sideelver til Myrkdalselvi
- **Det er truleg mange tilfelle der mindre kanalar eller bekker ikkje har rett til tilskot sjølv om dei ligg i tilknytning til vassførekomstar som er prioritert.** Årsaka er at strekninga ikkje er del av sjølve vassførekomsten i Vann-Nett, og det kan gjelde kortare strekningar inne på jordbruksareal. Dei vil då ikkje ha rett til tilskot. Tidlegare har slike tilfelle vore inkludert, då heile nedbørsfelt bestemte kva strekning for kunne kvalifisere til tilskot. For å endre på dette kan ein vurdere om det er mogleg å utvide vassførekomsten til å gjelde heile vasstrengen.